



Onsdag er toppdagen for turngruppa og 4 partiar slepp til i tur og orden i hallen. I kveld vart det rett nok berre 3 ettersom danseinstruktørane Bente og Ellena var fråverande.

Men idrettsskulen kunne mønstre så mange som 24 ettersom både tredje og fjerdeklassa møtte og presterte det reinaste mylder i klatreveggen. Om ei veke vil første og andreklassa sleppe til.

Dei andre på onsdagane er barnetrim og aerobic medan step er på måndagar og gymstick på torsdagar.

Idrettsskulen legg vekt på at aktivitetane skal passe for alle og typiske hallidrettar og fotball står og på programmet. Det er også sykkelrebus og Tussatur (refleksløype) fast kvart år.

Foto: Ola Matti Mathisen